


Svar på interpellasjon frå Roald Espset, Volda FrP, om miljøureining i Øyraelva og tilknytte vassdrag

Gravearbeid i Håmyra gjer at det renn forureina vatn ut i Håmyrelva og til Øyraelva og Voldsfjorden. Forureininga kjem frå moldmasse som grunna mykje vatn og nedbør som vert vaska ut i elva. Volda kommune har motteke fleire meldingar frå publikum angående dette. Publikum er spesielt uroa for elvemusling, lakseyngel og andre organismar i Øyraelva. Elvemuslingen er på Norsk raudliste for arter 2010 og er ein prioritert art gjennom Naturmangfaldlova. Elvemuslingen lever i fasar av livet på botnen av elvelaupet. Spesielt små elvemuslingar toler ikkje å verte tildekt, og erosjon frå jord- og landområde er ein trussel for deira leveområde.

Håmyrelva renn ut heilt nedst i Øyraelva, og forureina vatn som kjem i Håmyrelva renn ikkje i den delen av Øyraelva der det er registrert elvemusling. Det er også meldt om forureina vatn lenger opp i Øyraelva, m.a. rundt gamle støyperiet. Forureina vatn her kan kome frå andre stader enn Håmyra.



04.07.2017 vart saka diskutert mellom Volda kommune og byggeleiar, og arbeidet vart da etter avtale flytta til ein anna del av området for å unngå problemet. Byggeleiar og entreprenør skulle fylgje med framover og om naudsynt gjere tiltak for å hindre liknande tilfelle.

21.08.2017 fekk Volda kommune på nytt meldingar om forureining i Øyraelva. Dette kom samtidig som store nedbørsmengder. Volda kommune tok da kontakt med byggeleiar og entreprenør igjen, og det har vore synfaring på staden saman med dei. Volda kommune har også hatt dialog med både Fylkesmannen og Miljødirektoratet om saken. Dei har komet med rettleiing angående kommunen sitt ansvar i slike saker, og dei har kome med innspel til tiltak.

Entreprenøren har i sommar laga avskjerande grøfter i overkant av området for å leie vatn utanom graveområdet, og dei har laga eit slambasseng med tre kammer nedst i feltet som skal samle opp slam. Overvassleidning har prioritet nå, og byggast fortløpande i håp om at den skal klare å samle opp enda meir av det vatnet som kjem ovanfrå feltet. Som framlegg til tiltak har entreprenøren foreslått å utvide/forbetre eksisterande slambasseng, og å byggje enda eit slambasseng i enden av feltet. Etter kvart som prosjektet kjem vidare og det vert tilført pukk, stein og større, stabile massar, meiner byggeleiar dette vil halde meir på jorda og problemet vil verte mindre. Ein del av desse større massane har kome på plass siste veka.

Andre tiltak som har vore diskutert med byggeleiar er jamleg vedlikehald av slambassenget (spesielt i forkant av meldte nedbørsmengder), utpumping av vatn frå slambassenga og etablering av filtduk i elva (som skal halde tilbake finpartiklar).

Volda kommune har to ulike rollar i denne saka. På den eine sida er Volda kommune tiltakshavar for sambindingsvegen. På den andre sida har Volda kommune ein rolle som miljømynde i saka.

I interpellasjonen etterlysast svar på korleis kommunen med umiddelbar verknad vil syte for at tilfella av ureining opphøyre, og korleis det vert sikra at dei heller ikkje oppstår vidare i utbyggingsfasen. I framlegg til vedtak som ligg ved interpellasjonen er det foreslått at administrasjonen skal legge ned påbod om umiddelbar byggestans dersom nye tilfelle av ureining oppstår.

Kommunen som miljømynde har ikkje moglegheit til å gje påbod om byggestopp. Det er Fylkesmannen som har fått delegert myndighet etter Forurensningsloven for forurensing fra anleggsarbeid, jmf. rundskriv T-3/12 pkt. 2.4. Kommunen har derfor ikkje mynde til å stoppe bygningsarbeidet med heimel i Forurensingsloven, men kan pålegge tiltak jmf. Forurensingsloven § 7 fjerde ledd.

I tråd med pbl. § 29-10 er byggesaksforskrifta (SAK 10) gitt. SAK 10 § 6-9 tredje ledd gir kommunen rett til mellombels suspensjon av ansvarsrett for et tiltak dersom gjennomføringa kan føra til stor fare bl.a. for miljø. Dette gir kommunen ein moglegheit til å stanse byggearbeidet. Eit spørsmål her er om utsleppa utgjer ein stor fare for miljøet, da utsleppa er midlertidig og periodevis/heng saman med regnvêr, og sidan vatn frå Håmyrelva ikkje er i direkte kontakt med elvemuslingsområdet.

Volda kommune kan som tiltakshavar både setja i verk tiltak og stanse byggearbeidet. Ved ein eventuell byggestans må ein vere klar over at det er Volda kommune som kan måtte dekke kostnadar knytt til dette.

Konklusjon:

Volda kommune vil som tiltakshavar be byggeleiar og entreprenør fylgje opp tiltak for å avverge eller avgrense skadar og ulemper for organismar i Øyraelva.